

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	13.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsipp for strategisk utvikling og samkøring av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Mal for høyringsinnspel

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
-----	---

Høyringsinstans (svarar)	Avdeling for samfunnsfag, HiSF
Prosess	<ul style="list-style-type: none"> • To høyringsmøter for tilsette arrangert av dekan Anne-Grethe Naustdal og rådgjevar Mari Husabø. • I etterkant av høyringsmøta vart det sendt ut oppfordringar til sentrale fagpersonar på e-post til å komme med konkrete innspel. • Instituttleiarane Unni Aasen ved Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie, Leif Longvanes ved Institutt frå økonomi og administrasjon og Grete Netteland ved Institutt for samfunnsvitskap har samordna innspel frå fagmiljøa og laga skriftleg innspel til dekan. • Innspela er koordinert og samanstilt av rådgjevar Mari Husabø og dekan Anne-Grethe Naustdal • Høyringsdokumentet er drøfta i Avdeling for samfunnsfag sitt FoU-utvalsmøte 13.12.2016

Innleiande kommentar

Avdeling for samfunnsfag vil gje ros til prosjektgruppa for å ha gitt ei oversiktleg framstilling av deler av den faglege verksemda ved den nye Høgskulen på Vestlandet. Det er viktig for å utvikle HVL som ein nyskapande og arbeidslivsorientert høgskule, og etter kvart universitet, at ein ikkje profilerer seg berre med utgangspunkt i dei enkelte profesjonane og fagmiljøa som er etablerte i dag. Slik er det verdifullt at prosjektgruppa både foreslår fire profilområde som er forankra i profesjons- og arbeidslivsorienteringa til HVL, og samstundes trekker fram tverrfaglege satsingsområde der vi kan få synergieffektar av å arbeide på tvers. Dette er ei fruktbar tilnærming og hovudstrukturen i prosjektgruppa sine framlegg meiner vi er såleis gode som eit fyrste utkast. Men framlegget er prega av at presisjonsnivået er dårleg innan profilområda og at det er store faglege satsingar og miljø som ikkje er vurdert eller omtalt. Dette kjem og truleg av ein tidsplan/prosess der ein ikkje har klart å kome seg igjennom den store porteføljen HVL er samansett av. Når vi les teksten er det i alle fall vanskeleg å sjå kvifor nokre fagmiljø er nemnde ganske så detaljert, medan andre berre er nemnd eller ikkje tatt med i det heile. Vi meiner det ville vere ein god ide at det vert sett ned faglege komitear innan dei ulike profilområda. På basis av eit slikt komitéarbeid kan profilelement, nasjonale og internasjonale fortrinn bli synleggjort, tverrfaglege satsingar peike seg betre ut og ikkje minst synergjar av fusjonen med å ta i bruk den samla kompetansen i HVL.

Avdelinga viser elles til det store kartleggingsarbeidet som vart gjort i 2014 og 2015, der det vart gjort analysar av fagmiljøet ved HiSF for å syne styrkar, manglar, faglege samarbeidspartar, truslar og utviklingspotensiale. Faktagrunnlaget som låg i dette arbeidet bør nyttast av prosjektgruppa.

Vi meiner altså at det står mykje arbeid att for å gje eit meir heilskapleg bilde av HVL sin faglege plattform og profil. I rapporten ser vi lite drøfting eller utgreiing om disiplinfga, disiplinutdanningane og den økonomisk- administrative fagklynga. Her slår denne rapporten følge med rapporten om leiing og fagleg organisering. Avdelinga opplever at desse fagmiljøa sine styrker og potensiale stort sett er ignorerte. Eit arbeid som gjer forsøk på å peike ut framtidig retning for HVL må sjølvstøtt inkludere ei handsaming av alle fagmiljøa. Fråsegna vår vil derfor legge vekt på både nyanseringar i teksten, framlegg til endring i gruppering, omgrepsbruk og konkrete innspel. Utfordringa er at vi ikkje klarar å gjere dette på ein så god måte som vi ynskjer. Den tidsplanen som er lagt for utvikling av fagleg plattform, profil og strategi utfordrar oss kraftig og det er ei samstemt kritisk røyst til prosessen. HiSF var for få år sidan gjennom ein strategiprosess, der spørsmål som

fagleg profil og sjølvstøtt strategi vart knadd, omarbeidd, vidareutvikla og sydd saman gjennom drøftingar og innspel over fleire månader. På nokre få dagar i den mest hektiske delen av semesteret er det særdeles krevjande å kjøre gode prosessar kring høyringar på både fagleg organisering, fagleg profilering og framtidige strategiar som kan ha avgjerande og varige konsekvensar for våre fagmiljø og for utviklinga av HVL. Resultatet vil kunne bli manglande legitimering av både prosess og resultat.

Vi kan trekke fram at prosessen som førte fram til strategiplanen for HiSF også var på ekstern høyring. Samfunns-, arbeids- og næringsliv, organisasjonar og forvaltning kom med viktige innspel til strategiplanen. Ved Avdeling for samfunnsfag har samarbeid med både næringsliv (m.a. forskning på reiseliv, fornybar energi og oppdrett), fylkeskommunen (m.a. utviklingsavtalen, VRI, folkehelsearbeid) og med ulike organisasjonar (NHO og LO), NAV, helse- og sosialtenester, barnevernstenester m.m. Våre samarbeidspartnarar forventar å få kome med innspel til strategi og satsing òg i den nye høgskulen. Ei forankring i arbeidslivet i nærregionane står det òg i fusjonsplattformens kapittel 3 at HVL skal ha; «Arbeidet med fagleg profil, faglege satsingsområde og organisering av Høgskulen på Vestlandet skal starte hausten 2016 med god forankring blant tilsette, studentar og arbeidslivet i alle dei tre nærregionane. Leiinga på ulike nivå får eit særskilt ansvar for å bidra til å mobilisere og aktivisere miljøa slik at utviklinga av Høgskulen på Vestlandet får god forankring og er prega av medverknad».

Dette ansvaret må vi sjølvstøtt ta lokalt i vår nærregion, men vi er avhengig av å ha rammer som gjev oss tid til den nødvendige involvering. No er verken arbeidslivet eller studentane inkludert i prosessen vår. Vårt ynskje er såleis at takta i utvikling av fagleg plattform, profil og strategi vert bremsa opp, slik at ein kan få skikkelege faglege drøftingar av innhaldet i våre faglege satsingar framover. Konstruksjonen HVL er ikkje på plass og fagmiljøa på tvers av dei gamle institusjonane har behov for å arbeide seg saman om dei faglege strategiane. Dette vil vere eit viktig grep for å realisera ambisjonane i fusjonsplattforma, og setje i verk det fusjonsplattforma seier om at tilsette, arbeidslivet og studentane skal høyrast i utviklinga av fagleg profil og satsingsområder.

Oppsummert:

- Prosessen med utarbeiding av fagleg plattform, profil og strategi må forlengast og sikre god forankring blant tilsette, studentar og arbeidslivet i alle dei tre nærregionane
- Det må setjast ned faglege komitear innan dei ulike profilområda. På basis av eit slikt komitéarbeid kan profilelement, nasjonale og internasjonale fortrinn bli synleggjort, tverrfaglege satsingar peike seg betre ut og ikkje minst synergiar av fusjonen med å ta i bruk den samla kompetansen i HVL

Kap 3

Gruppering, omgrepsbruk og innhald

Nemningane på profilområda slik dei vert presentert i rapporten er vide, og kan slik sett inkludere det meste av den faglege aktiviteten som er i dag. Det er likevel viktig å ha ein grundigare, inkluderande og meir kunnskapsbasert prosess for å gjera profilområda meir representative og med eit høgare presisjonsnivå for den faglege verksemda. Slik det står no vert det for upresist i skildringa av profilelement, og tabellen syner dessutan ei samanblanding av ulike nivå.

Den upresise skildringa av den eksisterande aktiviteten gjer at oversynet over aktive fagmiljø for forskning og utdanning har grunnleggjande manglar, der store faglege

satsingar og miljø ikkje er vurdert eller omtalt. Avdelinga veit heller ikkje kva som er grunnlaget for at somme fagmiljø til skilnad er nemnt eksplisitt, slik som til dømes «barne- og ungdomslitteratur» eller CASiEducation prosjektet. Mange av dei særskilt nemnde fagemna kunne lett ha blitt sorterte under meir generelle omgrep. T.d. kunne «barne- og ungdomslitteratur» vore del av det meir omfattande (men likevel avgrensa) området «Barne- og ungdomsforskning», eit fagområde der Avdeling for samfunnsfag kan vere aktive bidragsytarar med våre forskarar.

Somme av fagmiljøa ved ASF opplever at dei ikkje kan finne seg att i omgrepa som er brukt, verken i tabellen på s.8, eller i detaljeringa av profilområda i punkt 3. Dette gjeld særleg for dei økonomisk-administrative, sosiologiske og historiske fagmiljøa. Det vert særleg peika på fråveret i tabellen på s. 8., og det er inga drøfting eller utgreiing om disiplin faga eller disiplinutdanningane. Paraplyomgrep og grupperingar bør vera av ein så generell karakter at alle fagmiljø kjenner seg inkluderte, på same tid som eit slikt strategisk dokument skal syne det særeigne ved HVL.

Å yte bidrag til internasjonal kunnskapsutvikling og å byggje sterke fag- og forskingsmiljø som set spor internasjonalt er mellom dei overordna ambisjonane for HVL slik det er formulert i fusjonsplattforma. Denne offensive internasjonale strategien krev at internasjonalisering er eit gjennomgåande perspektiv og ein integrert del av all verksemd ved HVL. Internasjonalisering bør difor vera meir integrert i omtalen av HVL sin faglege profil. På same måte bør internasjonalisering vera meir gjennomgåande skildra i profilområda, og ikkje skilt ut som eigne område i dokumentet.

Kommentarar til dei konkrete profilområda:

Avdeling for samfunnsfag føreslær at **profilområde 1** endrar namn til Velferd. Dette omgrepet dekkjer dei fagmiljøa som er nemnt i omtalen, men er samstundes eit omgrep som dekkjer eit breiare felt med omsyn til målsetjingane om tverrfagleg samarbeid og forskning i HVL. I den føreliggjande omtalen av profilområdet vert nemninga helse og omsorg mykje brukt. Avdeling for samfunnsfag meiner nemninga helse- og sosialfag er meir inkluderande for dei ulike fagmiljøa ved HVL.

Avdelinga sluttar seg vidare til at det vert eit profilområde innan entreprenørskap og innovasjon ved HVL.

Omtalen av **profilområde 4** har likevel ei monaleg svikt når det gjeld næringsrettinga. Næringsrettinga vert omtalt i grunngevinga av profilområdet, der forskning på innovasjon og omstilling skal danna grunnlaget for HVL si rolle som ein kompetent samarbeidspartnar for regionalt nærings- og samfunnsliv. Dette er òg nemnt i fusjonsplattforma, med ein visjon om HVL som *den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av Vestlandsregionen*. Når det kjem til faglege aktivitetar som er nemnde i profilområde 4, er det likevel lite som tyder på næringsretta innovasjonsforskning. Profilområdet innan innovasjon, entreprenørskap og berekraftig omstilling må vera offensive innanfor næringsretta faglege aktivitetar. Dette er òg i tråd med fusjonsplattforma, som legg vekt på utviklingsmoglegheitene òg for andre fagmiljø enn profesjonsfaga.

Dei omtalte profilelementa i profilområde 4 er også lite dekkjande og manglar sams konkretiseringsnivå, og her trengst det vidare presiseringar. For å synleggjere satsinga på næringsretta innovasjonsforskning må profilelementet «marknadsorientert innovasjon» eller «marknadsinnovasjon» inkluderast. Store deler av aktiviteten innan reiselivsforskinga ved Institutt for økonomi og administrasjon er knytt til marknadsinnovasjon. Som døme kan det nemnast VRI-programmet og andre næringsretta fou-program. Tilsvarende kompetanse finst òg ved Senter for nyskaping (HiB) og ved HSH.

Institutt for økonomi og administrasjon kjem elles med eit konkret innspel til forbetring av avsnitt 2 under profilområde 4:

«Dagens nærings- og samfunnsliv er i stadig endring. Innovasjon, entreprenørskap og omstilling vert utpeikt som særleg viktige innsatsområde for Vestlandet og Noreg i tida framover. HVL skal vere medspelar og drivkraft i denne utviklinga. Forskinga vår skal vere næringsrelevant og kunne bidra inn i innovasjonsprosessar. Dette inneber at vi arbeider særleg med å forstå innovasjonsprosessar på ulike nivå (i organisasjonar, klynge og nettverk) og i ulike næringar. Fornybar energi, shipping, reiseliv og helse- og velferdsteknologi er døme på næringar vi er tett på i dag gjennom ei rekkje forskingsprosjekt.»

Det er svært positivt at IKT står oppført som mulegheitsskapande teknologi under tverrgåande satsingsområde, men det bør òg inngå som profilelement alle profilområde (til dømes formulert som teknologi og velferd, teknologi og utdanning, jf. teknologi og energi.

Avdeling for samfunnsfag er ein breitt samansett avdeling med tre ulike institutt. Det er ulikt i kva grad fagmiljøa finn seg att i dei omgrepa, profilområda og detaljeringa i rapporten. Under følgjer difor både innspel frå, og omtale av somme fagmiljø. Avdelinga har vurdert det som unødvendig å eksplisitt grunngje kvifor vi spelar inn nye område. Dette i lys av at fleire fagmiljø opplever at dei ikkje er omtalte i den føreliggjande rapporten.

Innspel frå og presentasjon av fagmiljø:

Sosialt arbeid, barnevern og vernepleie

Sosialarbeidarutdanningane er viktige for å ivareta framtidige behov innan helse- og sosialtenester både i regionen og nasjonalt. Dette er utdanningar som har eit særskilt samfunnsmandat som til no er regulerte i rammeplanar. NOKUT har hatt tilsyn med alle BSV-utdanningane (barnevern, sosialt arbeid og vernepleie) i 2016. Ein gjennomgåande kommentar er at dette er utdanningar som må styrkast i høve til kompetanse og forskning. Dette gjeld òg for vårt fagmiljø i Sogndal. Det har skjedd ei positiv utvikling i fagmiljøet særleg dei siste åra, men bygging av kompetanse og forskingsmiljø kring desse utdanningane blir svært viktig vidare i HVL. Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie er elles eitt av dei største institutta ved HiSF, med om lag 480 studentar og 33 fagtilsette.

Merksemda som er retta mot utfordringar i barnevern og i tenester knytt til barn og

oppvekst viser at det er behov for forskning på dette feltet. Barn, unge og oppvekst er forskingsfelt for fleire av fagmiljøa ved HVL, både innan profesjonsfaga og disiplinifaga, og er såleis eit område med potensiale for mykje tverrfagleg samarbeid (sjå elles innspel til tverrfaglege satsingsområde).

Funksjonshemming er eit anna felt med betydelege utfordringar, og behov for forskning. I tillegg må tema som profesjonsutøving, migrasjon, mangfald/kulturkompleksitet, sosial ulikskap, sosial politikk, NAV og kjønn trekkast betre fram i profilområde 1. Dette er sentrale tema både innan undervisning og forskning, og er område med stort tverrfagleg fokus, både i profesjons- og disiplinutdanningane.

Samfunnsvitenskap (historie, sosiologi/ungdomssosiologi, samfunnsfag, organisasjon og leiing).

Dette fagmiljøet har tjue tilsette med disiplinifagleg bakgrunn - sosiologi, historie, geografi, statsvitenskap, samanliknande politikk, filosofi, informasjonsvitenskap, medisin, kulturhistorie og samfunnsfagdidaktikk. I tillegg til å levere undervisning både til lærarutdanninga, sosialarbeidarutdanningane, økonomifaga og helsefag og samarbeid rundt forskingsprosjekt, tilbyr fagmiljøet yrkesrelevante disiplinifaglege bachelorutdanningar og årsstudium for viktige samfunnsområde.

Fagmiljøet har ansvar for følgjande forskingsprogram/-prosjekt med institusjonell, regional, nasjonal og/eller internasjonal finansiering:

- Dei strategiske forskingsprogramma «Samhandling, innovasjon og styring i offentlig sektor» og «Kunnskapsleiing i førstelina» har vore i drift sidan 2013. Frå 1.1.17 vert dei to programma slått saman til det nye programmet «Innovasjon og kvalitet i offentlig styring og tenesteyting».
- Prosjektet MOVE (Mapping mobility - pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe). Prosjektet er eit Horizon 2020 prosjekt
- Prosjektet TRAUM (Transforming Author Museums). Finansierte av NFR
- Prosjektet Arbeidsinnvandring til Vestlandet. Arbeidsinnvandring som ressurs i regional utvikling. Prosjektet er leia av UiA og finansierte av Regionalt forskingsfond og Vestlandsrådet
- Fylkessoga for Sogn og Fjordane. Finansierte av Sogn og Fjordane fylkeskommune .

Historiemiljøet ved HiSF tok nyleg initiativ til å etablere eit historikarnettverk i den nye HVL. Også sosiologimiljøet ved HiSF har ønske om å ta eit liknande initiativ. Dette vil skje på vårparten 2017.

Som nemnt i dei overordna innspela til gruppering, omgrepbruk og innhald, opplever det historiske og det sosiologiske miljøet at tematikkar knytt til både dei to faga, utdanningane og forskinga er fråverande i både tabellen og omtale av profilområda. I staden for å skrive fagmiljøa inn i tabellen, kjem her ein kort introduksjon til tematikkar som dei to nye bachelorutdanningane i sosiologi og historie tek for seg. Vonleg vil dette, saman med ein tettare kontakt med dei samfunnsfaglege disiplinmiljøa, gje eit godt grunnlag for det vidare arbeidet i prosjektgruppa.

- **Sosiologi** er truleg den av samfunnsvitenskapane som kan gå inn i og gje støtte dei fleste fagområda. Sosiologar studerer alle slags relasjonar mellom individ, grupper og organisasjonar i små og store sosiale fellesskap: alt frå møte

mellom einiskilde individ til store globale endringsprosessar. Av emne/tematikkar det blir fokusert på i det nye bachelorstudiet kan t.d. nemnast Innføring i ungdomssosiologi, Frå ung til vaksen (skule, arbeid, media og politikk), Sosiologiske perspektiv, Politiske institusjonar og parti i Europa, Samanliknande politikk, Globalisering av verdspolitikken og innføring i internasjonale relasjonar, Arbeidssosiologi, Ungdom og ulikskap, Ungdom og sosiale institusjonar, Utdanning og arbeidsliv, Velferdsstaten og Etniske relasjonar.

- **Historie** er i dag kjenneteikna ved stor kronologisk, geografisk og tematisk spennvidde. På ISV forskar vi på og underviser i alt frå bronsealderen til samtida, med fokus på Noreg og Norden, Europa, Midtausten og Afrika, USA og Kina. Av emne/tematikkar som blir fokusert på i den nye bachelorutdanninga, er t.d. Frå verdskrigar til verdsveven, Nasjonalisme, imperialisme og demokratisering, Historia i samfunnet, Politiske institusjonar og parti i Europa, Samanliknande politikk, Globalisering av verdspolitikken og innføring i internasjonale relasjonar og Popularisering av bacheloroppgåva.

Avsluttande merknad frå fagmiljøa for sosiologi, historie og samfunnsfag i lærarutdanninga:

Vi har ikkje mange substansielle merknader til utgreiinga om fagleg plattform, profil og strategi. Den temmeleg diffuse framstillinga av fag og fagmiljø som vi finn her, har den fordelen at dei fleste med velvilje kan lese sine eigne fagmiljø inn i rapporten (merk likevel kommentarane våre til tabellen på s. 8). Derimot er «fagleg plattform, profil og strategi» for oss heilt avhengig av den faglege organiseringa av HVL. Om det blir tre eller fire fakultet i HVL vil avgjere desse sidene ved den faglege aktiviteten vår på ein mykje meir fundamental måte enn det ei nokså luftig utgreiing om profilområde og strategi kan gjere. Kort sagt: Vi forventar at HVL får fire fakultet. Utdanninga, forskinga og formidlinga av sosiologi skal skje i godt samarbeid med mange andre relevante fagmiljø, men dette er avhengig av at den institusjonelle forankringa av faget ikkje blir eit fakultet som er totalt dominert av berre ein eller to profesjonar.

Avsluttande merknad frå fagmiljøet i organisasjon og leiing:

I tilknytning til profilelementet organisasjon og leiing i profilområde 4 vil vi peike på at fleire element som no er nemnde under profilområde 1, 2 og 4, har ein sterkt tverrgåande karakter utan at dette er fanga opp i dei tverrgåande satsingsområda. Det gjeld organisasjon og leiing (4) utdanningsleiing (2), samhandling (1) og implementeringsforskning (1). Det blir for snevert når ein omtalar samhandling og implementering som profilelement innan profilområdet helse, omsorg og velferd. Samhandling og iverksetjing er sentrale forskingstema innan organisasjon og leiing generelt, og dei har sektorovergripande relevans. Det er synergieffektar å hente ved å løfte fram mulegheitene for tverrgåande satsingar her. Sameleis er det potensielle synergieffektar mellom profilelementet utdanningsleiing i profilområde 3 og elementet organisasjon og leiing i område 4.

HVL har etter vårt syn gode føresetnader for å utvikle tverrgåande fagmiljø og studieprogram for innovativ organisering og leiing i profesjonssektorane. HiSF har i dag eit akkreditert masterprogram i organisasjon og leiing som rekrutterer frå helse, velferd og utdanning. Programmet har opptak både i Sogn og Fjordane og Bergen, og det blir arbeidd med ein avtale om å starte opp i Haugesund frå hausten 2017. HiB sitt masterprogram i innovasjon og leiing og HiSF sine masterprogram i samhandling og

Climate Change Management inngår også i eit knippe av masterprogram som er retta inn mot å forbetre leiing og samhandling i sentrale samfunnssektorar. Leiarutdanningsprogram på masternivå for utdanningssektoren kjem i tillegg til desse. Om vi ser desse utdanningane og fagmiljøa i samanheng, kan dei utgjere eit sterkt kompetansemiljø for leiing og organisering på tvers av profesjonssektorane og på tvers av skiljet mellom offentleg og privat sektor.

Også på forskingsida vil eit slikt fagmiljø kunne hevde seg. Her skal vi berre nemne at fagmiljøet i organisasjon og leiing ved ASF sidan 2013 har drive det strategiske forskingsprogrammet «Samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor». Programmet blir frå 1. januar 2017 slått saman med programmet «Kvalitet i tenestene» til det nye programmet «Innovasjon og kvalitet i offentleg styring og tenesteyting». Sentrale prosjekt handlar om korleis tilsyn i helsesektoren påverkar forbetningsarbeid, om reformer som endringsverktøy (samhandlingsreforma, kommunereforma, reformer i høgare utdanning i Europa) og om kunnskapsutvikling og forbetningsarbeid i profesjonsorganisasjonar.

I høyringsdokumentet saknar vi ei nærare vurdering av korleis sambandslinene mellom desse områda kan ivaretaast gjennom tverrgåande arbeid, og kor vidt organisasjon og leiing i dei store profesjonssektorane er eit område som kan løftast fram innan profilområde 4 og i tillegg som eit tverrgåande satsingsområde. Namnet på profilområde 4 er ikkje heilt dekkande for dei profilelementa som det blir vist til i høyringsdokumentet.

Eit anna spørsmål er korleis det tverrgåande aspektet ved organisasjons- og leiingsfaga blir dekkja av forslaga til tverrgåande satsingsområde. Delar av profilelementet organisasjon og leiing, det som handlar om innovasjon og fornying i offentleg sektor, blir fanga opp av det tverrgåande satsingsområdet innovasjon, kreativitet og entreprenørskap. Eit alternativ kan derfor vere å tydeleggjere leiing, organisering og samhandling i offentleg sektor som eit vilkår for innovasjon, og å løfte dette temaet fram innan ramma av satsingsområdet Innovasjon, kreativitet og entreprenørskap. Eit anna alternativ er å sjå på leiing og organisering som eit tverrgåande satsingsområde i seg sjølv. Vi vil be prosjektgruppa om å gjere ei nærare vurdering av desse alternativa. Det tverrfaglege satsingsområdet Innovasjon, kreativitet og entreprenørskap er eit spennande framlegg, som bygger opp om satsinga på ei fjerde PhD-utdanning ved HVL. Det er ei viktig presisering når prosjektgruppa seier at vår tilnærming til innovasjon vil omfatte både næringsliv og offentleg sektor. Institusjonelle innovasjonar i offentleg styring og tenesteyting har andre særtrekk enn marknadsinnovasjonar. Institusjonelle innovasjonar er eit nytt forskingsfelt, men det kan trekke på organisasjonsforskning og styringsforskning som har studert korleis nye organisasjons- og styringsformer oppstår, blir spreidde og sette i verk. Vi viser her til presentasjonen av det strategiske forskingsprogrammet Innovasjon og kvalitet i offentleg styring og tenesteyting, som er vedlagt fråsegna. HVL si satsing på innovasjon og innretninga på det planlagde PhD-programmet må vere slik at den gjev rom for fagleg utvikling knytt til både marknadsinnovasjon og innovasjon i offentleg sektor. Dessutan må satsing også fokusere på innovasjons- og styringssystema som legg til rettes for og gjev insentiv til innovasjonsaktivitetane.

Dersom ein vel alternativet med integrasjon av leiing og organisering i det foreslegne satsingsområdet, ser vi det som rimeleg at eit sterkare fokus på organisering og leiing også avspeglar seg i nemninga på satsingsområdet. Medan innovasjon og entreprenørskap viser til etablerte fag- forskingsområde, er kreativitet eit meir diffust

	<p>omgrep. Det ville vere meir dekkande for den faglege profilen som er foreslått å kalle området «innovasjon, leiing og organisering i privat og offentleg sektor».</p> <p>I høyringsdokumentet blir innovasjon og entreprenørskapsforskning trekt fram som eit område der HVL kan hevde seg internasjonalt. Vi ser på det foreslegne PhD-temaet Ansvarleg innovasjon som ei god overskrift, som kan romme ulike delar av og tilnærmingar til innovasjonsforskninga. Vi vil likevel peike på at sjølve omtalen av innhaldet i programmet på side 15 i høyringsdokumentet blir noko snever. Ansvarleg innovasjon kan femne vidare enn til berekraftig lønsemd. Det kan også handle om kvaliteten på nyvinningar innan offentleg sektor, ein kvalitet som må vurderast på andre måtar enn gjennom lønsemd åleine. Dette bør komme betre fram i teksten.</p>
<p>Kap 4</p>	<p>Gruppering, omgrepsbruk og innhald til tverrfaglege satsingsområde</p> <p>ASF er positive til framlegget om tverrgåande satsingsområde. Dei tverrfaglege satsingane treng likevel, i likskap med resten av arbeidet med fagleg profil, lengre tid, for slik å kunne få oversyn over den samla kompetansen og kva tverrfaglege satsingar som peiker seg ut i den nye høgskulen. Avdelinga har nokre kommentarar til dei føreslegne tverrfaglege satsingsområda:</p> <p>Avdelinga kjem med framlegg om at det tverrfaglege satsingsområdet «Livsstil, fysisk aktivitet og helsefremjing» endrar namn til Velferdsforskning. Dette vil gje området breiare forankring i den nye høgskulen, og vil kunne femne om fleire av både profesjons- og disiplinfga. Tematisk spenner velferdsforskning over komparative, normative og historiske analyser av velferdsstaten, studiar av levekår og livskvalitet, sosiale problem, trygd, helse og sosiale tenester (jf. Tidsskrift for Velferdsforskning)</p> <p>Avdelinga føreslær òg eit nytt tverrfagleg satsingsområde «Barn, unge og oppvekst». Dette er eit breitt og sentralt tema, med solid fagleg basis, tydelege regionale forankringar og dessutan store moglegheit for gode og berekraftige. Satsingsområdet «Barn, unge og oppvekst» vil famne fagmiljø innan både profesjons- og disiplinfga, og det er spanande utdanningstilbod og forskning på desse områda i dei tre eksisterande høgskulane.</p> <p>Det bør og vere eit tverrfagleg satsingsområde som dekkjer utdanningsforskning betre då utdanning er kjerneaktiviteten i HVL. Forsking på utdanningsverksemd og pedagogisk utviklingsarbeid bør difor vera eit tverrfageleg satsingsområde.</p> <p>Eit anna tverrfaglege satsingsområde som peikar seg ut er «IKT som moglegheitsskapar og fornyar». Dette kan styrke ambisjonen om å bli ein digital høgskule. HVL treng ein modell for å organisere tverrgåande samarbeid mellom eit innovasjonsorientert utviklingsmiljø med spesialistkompetanse innan IKT, og dei profesjonseiningane som vil vere kjernen i å setje denne ambisjonen i verk. Det kan fort bli for fragmentert dersom kvart fakultet skal arbeide med desse problemstillingane for seg. IKT og digitalisering er eit sentralt element og utgjer ein viktig komponent i dei fleste innovasjonane innan offentleg tenesteyting som no er på gang innanfor kommunal og statleg sektor. IKT innanfor velferdssektoren er eit veksande felt der vi har føresetnader for å lukkast nasjonalt, kanskje og internasjonalt. Avdelinga viser også til kommentarane frå Organisasjon og leiing over, som syner fagområdet organisasjon og leiing som eit potensielt tverrgåande satsingsområde.</p>

	<p>Vi har avslutningsvis lyst å trekkje fram Ex.phil. som danningselement, som ei satsing for HVL. Ex.phil. innført som eit felles kunnskapsgrunnlag for alle studentane i HVL, ville vore ein stor styrke. Eit slikt felles danningselement for alle utdanningar kan gjere studentane betre førebudde på å takle relevante og komplekse samfunnsutfordringar, som dei vil møte innanfor det yrkesfeltet ein utdannar dei for. Ex.phil som danningselement er også reist av prorektor Nina Waaler ved HiOA, Studenttinget ved NTNU og aktualisert i strategi for høgare utdanning og forskning. Tverrgåande satsing på «Ex.phil som danningselement» kan bidra stil å styrke HVL sine moglegheiter for å bli universitet. Vi syns det vert for snevert om ein legg danningssomgrepet kun til profilområde 2.</p>
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart? <p>Avdelinga viser til innleiande tekst kring ynskje om forlenging av prosessen med utarbeiding av fagleg plattform, profil og strategi. Vi understrekar her behovet for faglege komitear innan dei ulike profilområda. Dette er ein viktig føresetnad for å kunne arbeide vidare med strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL.</p>
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjoniseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjoniseringa HVL sin profil? <p>Sjå innleiande tekst og kommentar til kapittel 5.</p>
Andre merknader	<p>Avsluttande kommentar</p> <p>Avdeling for samfunnsfag ber om at prosessen med utarbeiding av fagleg plattform, profil og strategi vert forlenga. Det må sikrast god forankring i arbeidet blant tilsette, studentar og arbeidslivet i alle dei tre nærregionane.</p> <p>Vi tilrår at det vert satt ned faglege komitear innan dei ulike profilområda. På basis av eit slikt komitéarbeid kan profilelement, nasjonale og internasjonale fortrinn bli synleggjort, tverrfaglege satsingar peike seg betre ut og ikkje minst synergjar av fusjonen med å ta i bruk den samla kompetansen i HVL.</p> <p>Fagmiljøet i historie og sosiologi opplever at dei ikkje er synlege i den føreliggjande høyringsrapporten. Avdelinga legg ved skildringar av desse to fagmiljøa (Sjå vedlegg). Denne type kartlegging burde truleg vore gjort av fleire fagmiljø, og bør vera eit sjølvstøtt grunnlag for det vidare arbeidet med fagleg plattform, profil og strategi.</p>